


## Haffelhaug

Namn på plassen	Gjesvåldal, Gjesvållia, Gjesvåldållån
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM33 7023817N 241228Ø
Høgde moh	210
Tilstand	Bare stabbsteiner att
Plass under	Gjesvål
Gnr. Bnr.	Under 31/6
Tidsperiode	1854-1887
John Ingebrigtsen	1854-60
Eli Olsdtr	1860-ca. 1870
Martinus Eriksen	1865-1882
Peder Martinussen	1882-1887
Omtale:	Gardtales i Orkdal s. 299 Utvandringa fra Orkdal s. 41





Jon Ingebrigtsen Ekli og Eli Olsdtr Sveeggen var dei første på husmannsplassen Haffelhaugen i 1854. Dei vart gifte i 1843. og fikk sju barn: Johanna 1841, Ulrikka og Ingeborg 1847, Karen 1849, Berit 1853, Ole 1854, og Berit 1858. Jon var født på Øyaseter i 1811, faren Ingebrigt Jonsen flytta til Hostosolem og var der i 1813 og 1819, og var flytta til Ekli i 1825. Eli var født 1810 på Sveeggen.

Før dei flytta til Haffelhaugen hadde Jon og Eli bodd på Engen, Klokkerenget og Sundlimo.

Jon døydde i 1860. Da er det oppgitt buplass Gjesvålløkken. Familien kan da ha vore husmannsfolk på 31/3 Gjesvålløkken til Jon døydde, og at enka så flytta til Haffelhaug. Men sannsynlegvis er Gjesvålløkken feil i kjerkeboka.

Ved folketellinga i 1865 bodde Eli Olsdtr der med sønnen Ole på 12 år. Samme år hadde ein ny familie flytta inn, Martinus Erichsen Sundli og Ane Pedersdtr. født på husmannsplassen Furuledet under Kvammen.

Martinus og Ane vart gift i 1850, og fekk seks barn: Peder 1850, Ingebrigt 1853, Erich 1856, Gunhild 1859, Karen 1862, og Martin 1866. Før dei flytta til Haffelhaug hadde dei bodd på Sundlimo, Geitbuan og Sundli.

Ane Pedersdtr døydde i 1877, og i 1880 gifta Martinus seg med husmannsenka Gunhild Andersdtr Lauvåsgrinda.

I 1882 flytta Martinus og kona til Amerika, og i perioden 1883-1887 fulgte resten av familien etter, unntatt barna Ingebrigt og Karen.

Dei siste som reiste var Peder Martinussen som i 1887 reiste med kone og fem barn.

<b>Folketelling 1865 Orkdal</b>								
Gard	Fornavn	Etternavn	Famstatus	Yrke	Siv.st.	Alder	Kjønn	Fødested
Hasselhaug	Eli	Olso.		Hmdkone Spinderske	e	53	k	Ørkedalen
Hasselhaug	Ole	Johns.	hendes Søn		ug	12	m	Ørkedalen
Hasselhaug 2	Martinus	Eriks.		Husmand med Jord Tømmermand	g	40	m	Ørkedalen
Hasselhaug 2	Ane	Pedersd.	hans Kone		g	45	k	Ørkedalen
Hasselhaug 2	Erik	Martinuss.	deres Søn		ug	10	m	Ørkedalen
Hasselhaug 2	Gunild	Martinusd.	deres Datter		ug	7	k	Ørkedalen
Hasselhaug 2	Karen	Martinusd.	deres Datter		ug	4	k	Ørkedalen
Hasselhaug 2	!!	Martinuss.*			ug	1	m	Ørkedalen

<b>Folketelling 1875</b>									
Gård	Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Fødested	Født
Haffelhaug eller Gisvold	Martinus	Eriks.	hf	49	g	Huusmand og Tømmermand	M	Ørkedalen	1826
Haffelhaug eller Gisvold	Ane	Pedersd.	Kone	53	g	Hans Kone	K	Børsen	1822
Haffelhaug eller Gisvold	Karen	Martinusd.	d	13			K	Ørkedalen	1862
Haffelhaug eller Gisvold	Martin	Martinus.	s	10			M	Ørkedalen	1865

Peder 1850 1887 med kona Beret Eriksdtr og borna Ane, John, Maren, Martinus, og Erik

Ingebrigt 1853

Erich 1856 1883

Gunhild 1859 1893

Karen 1862

Martin 1866 1883

Martinus Erichsen 1882

John Olsen 1863 1890